




HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305
Klubbnr. 12713

Månedsbrev for mars 2013.

Årgang 48



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Jarle Kristiansen
Visepres: Karin S. Holstad
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Magnar Hatløy
Styremedlem: Barnhard Harkjerr
Styremedlem: Øystein Alme
Ansv.red.: Aage Nytun
Referent: Johan Ole Brandal

Fødselsdagar i mars:

Det er ingen som har fødselsdag i mars

Eg er din ven.

Så udryg tida er.
Eg har vore sorglaust barn.
Ungdomens stiglause berg
har eg klive
og smaka dei
mogne års honning.

Dagane har lyft meg opp
or svevnens brønn.
Rådvill har eg klynga meg
til noko som kunne stanse
timanes nådelause kom.

Men tida ler
og skriv sin visdom
i nettet av årer
på hendene mine
og i andletet mitt
og seier:
Eg er din ven

Rotarymøte 4. mars.

Presidenten ønskte alle velkomne til nytt Rotarymøte, og som åpningsong song vi, Å eg veit meg eit land.

Før kveldens foredragshaldar slapp til, fekk Elias Sellevoll ordet for å minne om eit opplegg der dei som vil av medlemmane kan få opplæring i å overføre bilde frå kamera til PC. Opprette mapper på Pc'en for å legge desse i, overføre bilder til minnepenn, sette bilde inn som vedlegg på mail osv. Idar Flø og Sverre Ulstein vil stå for opplæringa i kontorlokala til Idar. Stor interesse for dette.

Vegard Gjerde var kveldens foredragshaldar og han kåserte frå si tid på Svalbard med ansvar for den moderne telekommunikasjonen. Vegard Gjerde er opprinneleg frå Hareid. Han har flytta litt på seg rundt om i landet, før han for sju år sidan flytta til Svalbard, då han fekk ansvar for utbygging av moderne telekommunikasjon.

Han starta med litt historikk om øya og gjekk tilbake til 1700talet då russerane (pomorane) kom dit og starta med kvalfangst. Nordmennene kom til Svalbard først på 1800talet.

Frå til 1920 var Svalbard ingenmannsland, det vil sei at alle som var der kunne få gjere det dei ville. Dette endra seg imidlertid i 1925, då Norge fekk suverenitet gjennom Svalbardtraktaten.

Ny Ålesund, som opprinneleg heitte Brandal City vart etablert i 1917 av Peter S. Brandal. Eit kjent namn på ein driftig kar frå Hareid.

Når det gjeld industri er Store Norske den viktigaste industrivirksomheita på Svalbard i dag. I tillegg er der fleire virksomheiter innan service og forskning. Når det gjeld forskning er det 20 nasjonar som har forskningsstasjon der, bl.a. Kina og Sør Korea. På Svalbard er det også eige universitet.

Han var sjøvsagt innom gruvedrifta på Svalbard, og nemnd bl.a. at i 1943 skaut tyskerane gruve 2 i brann. Den brann heilt fram til 1962. Kolgruvedrifta tok slutt i 1963 etter Kings Bay ulukka.

Han nemnde sjølv sagt også at havområda rundt Svalbard er av verdas rikaste når det gjeld fiske, olje og gass.

Den første starten på telekommunikasjon var i 1911 då Spitsbergen Radio var etablert. Namnet vart endra i 1925 til Svalbard Radio. Det var fram til 1949 kun radiotelegrafi som gjekk over denne stasjonen. Samband via satelitt vart oppretta i 1978 frå Isfjord Radio.

Direkte fjernsyn vart tilgjengeleg i 1984.

I 2003 fekk Svalbard ei internettlinje på 2Mb/s via satellitt som gjekk til bruk av fast og mobiltelefoni.

Og så kom Svalbardfiberen 6. februar 2004. Den går frå fastlandet til Longyeabyen, og er nedgreven på havbotnen p.g.a. fiskeria. Det var enorme saker den tida. Som ei samanlikning, den gongen, var hastigheita 312.000 gonger raskare enn ISDN, som den tida var stor stas.

Hastigheita er i dag sett til 20000 Mbit/s, men der er enorm kapasitet som ikkje er nytta endå.

I tillegg viste han også bilde frå Svalbard, der vi fekk eit lite innblikk i den fantastiske naturen som er der.

Eit svær interessant kåseri.

Rotarymøte 11. mars

Denne dagen hadde vi besøk av marknadssjef Sindre Eid, frå fotballklubben Hødd. Sindre tok føre seg kva og kven Hødd er, og vil vere. Hødd er klubben i norsk fotball som har vist at ein med små ressursar kan kome inn i toppfotballen og vere der over lang tid. «Hødd-ånda», «mykje ut av lite» og «gull av gråstein» er slagord som Hødd har gjort til sine. Spelarutvikling har vore og blir ein fortsett viktig suksessfaktor for Hødd. Begrepet «liten men stor» blei godt kjent under cup-eventyret i 2012. Hødd skal femne både topp og bredde, og vere ein samfunnsutviklar i Ulstein og regionen, samt vere ein del av Norsk toppfotball.

Verdigrunnlaget i Hødd er Stoltheit – Fair play og Samarbeid. Hødd er stolte av klubben, prestasjonane og aktiviteten. Dei viser dette gjennom å representere klubben på ein måte der ein viser respekt og bygg godt omdømme for klubben. I Hødd skal «Hødd-ånda» i form av hardt arbeid, folkeskikk og fair play vere ein del av grunnfjellet. I Hødd gjev fellesskap styrke. Eit sterkt samhald internt i klubben skal utvikle prestasjonar over tid.



Dagens Høddvoll er frå 1963 og har med jamne mellomrom blitt modernisert, den siste i 1999. No skal det kome nytt anlegg som skal vere klart i mai-juni 2014. Då blir det kunstgras, med undervarme.

At marknadsarbeidet i Hødd har vore godt syner dei to bileta ovanfor, der kongepokalen i fotball er på framsyning hos Kleven- og Ulstein Verft.

Vi takkar Sindre Eid for eit interessant og lærerikt foredrag.

Rotarymøte 18. mars.

Denne dagen var vi inviterte til Norsk Maritimt Senter på Nørve, i Ålesund. Vi var heile 21 deltakerar frå Hareid som blei tekne imot av leiaren for kunnskapssenteret, RR veteranen Knut Johan Rønningen.

Vi blei først samla i eit av møteromma der vi fekk litt bakgrunnsinformasjon etc. Rolls Royce er ein stor global aktør, med interesser innanfor mange felt. Hos oss er det den marine delen av selskapet vi kjenner best, og som sysselset over 4000 personar i Norge, ca 2100 på Sunnmøre.

RR har opplæringscenter i alle verdsdelar, og då ein skulle velje lokalisering i Europa fall valet på Ålesund, i skarp konkurranse med Amsterdam og andre meir sentrale stadar. Grunnen til at valet fall på Ålesund var den Maritime klynga her. Rolls Royce Technology and Training Center samarbeider med høgskulen i Ålesund og gir produktopplæring til studentar, kundar, egne og andre servicetilsette.

Opplæringa går føre seg i klasserom, på verkstad og i simulator og er basert på såkalla blended learning og hands-on training. Etter introduksjonen blei det omvising på senteret, der vi var innom verkstadane og sjølvsgt simulatoren.



Jørn Gjerde simulerer manøvrering inntil plattform i godt ver, som vi ser.



Vi takkar Knut Johan for ein svært lærerik mandagskveld!



Fotokurs i lokala til Norwegian Maritime Communication AS i Sparebank bygget, på Hareid.

Tysdag 19.03 inviterte Idar Flø og Sverre Ulstein til opplæring i fotobehandling, dvs korleis behandle, lagre, arkivere og vidaresende bilete. Informasjon om denne opplæringa var gitt på tidligare Rotarymøte.

Dei frammøtte fekk god innføring i eit tema med mange mogeligheiter og det kan hende kurset kan gjentakast seinare, om det er interesse for det.



Rotarymøte 25. mars

Programfritt.